
Arkivsak-dok. BYGG-20/00007-18
Saksbehandler Bodil Gjeldnes

Saksgang

Møtedato

Saksfremlegg

10/1 - Setergrytå Kraft AS - Dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana og deling av grunneiendom

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova får Setergrytå kraft AS dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana for bygging av Setergrytå kraftverk på gnr. 10, bnr. 1 i Surnadal kommune. Omsyna arealdelen skal ivareta blir ikkje vesentleg sett til side ved dispensasjonen, og fordelane med tiltaket blir vurdert som større enn ulempene.
2. Det blir gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana for slik frådeling frå gnr. 10, bnr. 1:
 - ei om lag 1 dekar stor tomt for inntaksdam ved Grytvatnet
 - ei om lag 1 dekar stor tomt for kraftstasjon sør for fv. 65 frå gnr. 10, bnr. 1.

Heller ikkje her blir ikkje omsyna arealdelen skal ivareta vesentleg sett til side ved dispensasjonen, og fordelane med tiltaket blir vurdert som større enn ulempene.

3. Det er eit vilkår for dispensasjonen at behov for støydempende tiltak blir ivaretatt ved behandling av detaljplan for miljø og landskap.
4. Det er eit vilkår for dispensasjonen at tilstrekkelig tryggleik for tiltaka blir ivaretatt ved behandling av detaljplan for miljø og landskap.
5. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, m blir søknaden frå Setergrytå kraft AS om frådeling av tomt til inntaksdam og tomt til kraftstasjon frå gnr 10 bnr 1 i Surnadal kommune innvilga. Frådelte tomter kan vere om lag 1,0 dekar kvar.
6. Med heimel i jordlova §12 godkjenner Surnadal kommune søknaden om frådeling av tomt til inntaksdam og tomt til kraftstasjon på eigedommen til Solmund Solstad, gnr 10 bnr 1 i Surnadal kommune. Frådelte tomter kan vere om lag 1,0 dekar kvar.

Saksopplysningar

Denne saka gjeld

Setergrytå kraftverk skal byggast i Øvre Surnadal, dvs. Grytvatnet skal regulerast og fallet i Setergrytå nyttast. I samband med tiltaket må kommunen gi dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana og løyve til frådelling av tomter til hhv. kraftstasjon og inntaksdam. Tiltaket berører berre gnr. 10, bnr. 1 eigd av Solmund Solstad. Det er Clemens Kraft AS og Svorka produksjon AS som står bak Setergrytå kraft AS, og det er inngått nødvendige avtalar med Solstad og med Rolf Harang som har fallrettar i elva.

NVE ga i 2005 Svorka Energi AS konsesjon til tiltaket, men Svorka produksjon AS fekk i 2013 etter søknad lov til å endre planane. Omsøkt produksjon er 2 GWh pr. år.


Tiltaket vil innebære:

- Bygging av inntaksdam i Grytvatnet, 424 moh. Vatnet vil kunne regulerast med 3m.
- Nedgraving av rørgate.
- Etablering av midlertidig veg på / langs rørgatetraseen i byggefasen. Etter at anlegget er kome i drift blir det ein trase for ferdsel med ATV på / langs rørgatetraseen. Denne traseen vil mest truleg starte frå Statnetts nye veg gjennom området.
- Bygging av kraftstasjon, om lag 40 moh.
- Frådelling av 1 dekar stor tomt for inntaksdam ved utløpet av Grytvatnet.
- Frådelling av 1 dekar stor tomt for kraftstasjon like sør for fv. 65.

NVE vil være ansvarleg myndigheit i byggeperioden som erstattar kommunens behandling etter byggesaksreglane i plan- og bygningslova. Dette i form av at utbygger skal lage Detaljplan for miljø og landskap for gjennomføringa som NVE skal godkjenne. Mest truleg blir det fleire detaljplanar i tråd med etappevis utbygging, og kommunen får desse til uttale. Kommunen er fortsatt plan- og jordlovsmyndigheit og må vurdere tiltaket i høve til arealdelen i kommuneplana og reglane i jordlova.

Saka treng følgjande vedtak av Surnadal kommune:

- Dispensasjon frå kommuneplana sin arealdel etter reglane i plan- og bygningslova §19-2 til etablering av anlegget og frådelling av tomter.
- Delingsløyve etter plan- og bygningslova (pbl) §20-1 m.
- Delingsløyve etter jordlova §12.



Detaljkart over tomt for kraftstasjon sør for fv. 65. Forsamlingshuset Sagatun er vist med blått.

Arealdelen i kommuneplana

Arealdelen viser LNFR-område der kor kraftverket skal etablerast og tomter skal delast frå. Nødvendige inngrep og installasjonar, inkludert frådeling av tomter til kraftproduksjon er ikkje i tråd med dette arealformålet og må ha dispensasjon med heimel i plan- og bygningslova §19-2. Produsert straum skal overførast til straumnett, og vil ikkje ha nokon direkte tilknytning til landbruksaktivitet på gnr. 10, bnr. 1.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

NVE Atlas viser at areal for planlagt kraftstasjon ligg innafor aktsemdsområde for skred, noko som også blir påpeikt av NVE og fylkesmannen i sin uttale til dispensasjonen. I sjekkliste for risiko og sårbarheit frå søkar vurderast imidlertid dette ikkje som nokon risiko. NVE vil handtere dette fagfeltet ved behandling av detaljplan for landskap og miljø.

Støy

Kraftverket vil bli liggande nært eksisterande boligar. Forventa støy frå kraftstasjonen etter at den er kome i drift bør derfor utgreiast, og nødvendige avbøtande tiltak iverksettast. Dette kan skje ved å sette vilkår om dette i ein dispensasjon, og ved innspel til detaljplaner for miljø og landskap.

Avkjørsel frå fv. 65

Surnadal kommune kan ikkje opprette dei nye tomtene før Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt løyve til utvida bruk av avkjørsel frå fv. 65. Utbyggar skal sjølv søke om dette. Kommunen kan gi dispensasjon frå arealdelen sjølv om slikt løyve ikkje er gitt.

Vegrett

Surnadal kommune kan jfr. plan- og bygningslova § 27-4 ikkje opprette dei nye tomtene før berørte grunneigarar har gitt rett til å anlegge og bruke veg over sine eigedomar. Det er utbyggar sitt ansvar å få på plass slike avtalar, men dette er enno ikkje gjort. Kommunen kan likevel gi dispensasjon frå arealdelen.

Anadrom fisk

Setergrytå er lakseførende frå samløpet med Surna og opp til planlagt utløp av kraftstasjon. Her er det gode gyte- og oppvekstforhold, særleg for sjøaure. Konsekvensane for anadrom fisk vart vurdert i NVE si konsesjonsbehandling av tiltaket i 2005 og 2013.

Øvrige registreringar

Vurderingar i høve til t.d. natur, kulturminne og friluftsliv har vore gjort i NVE si konsesjonsbehandling. NVE vurderte da at utbygginga med avbøtande tiltak var akseptabel for almenne verdiar, og ga konsesjon til utbygginga. Det kan nemnast at det er gitt pålegg om minstevassføring på 60 l/s om sommaren og 40 l/s om vinteren i Setergrytå. Omløpsventil i kraftverket skal sikre vassføring ut frå kraftverket også ved utilsikta stans. Denne skal ha kapasitet på minst 75% av maksimal slukeevne.

Høyring av saka

Søknad om dispensasjon frå arealdelen skal iflg. plan- og bygningslova §19-1 sendast på høyring til berørte statlege og regionale myndigheiter. Denne søknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og NVE. Dei har gitt slike uttalar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Legg i sin uttale mest vekt på at det må avklarast om tiltaket medfører tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar, jfr. pbl. §§19-2, 3, ledd og 28-1. Tiltaket skal også tilfredsstillte TEK17 sine krav til tryggleik før det kan fattast eit positivt vedtak. Fylkesmannen viser til at det iflg. NVE sine aktsemdkart kan sjå ut som at kraftstasjonen ligg i område som er utsett for jord- og flaumskred. Dersom ikkje tryggleik er tilstrekkeleg dokumentert skal kommunen avslå dispensasjonssøknaden eller stille særlege krav til byggjegrunn, byggverk og uteareal.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Viser til at delar av tiltaket er lokalisert nær Den Trondhjemske postveg, og ber om at ein ved disponering av området tek omsyn til den gamle veglinja i detaljplanlegginga.

Statens vegvesen: Har ingen vesentlege merknadar.

NVE: Har ikkje merknad til at kommunen vil gi dispensasjon frå arealdelen, men gjer merksam på at areal for planlagt kraftstasjon litt innafor aktsemdsområde for skred. NVE føreset at tilstrekkeleg tryggleik for tiltaket blir ivaretatt gjennom NVE si eiga handsaming av detaljplan for miljø og landskap.

Vurdering

Vurdering etter §19-2 i plan- og bygningslova

Med heimel i §19-2 i plan- og bygningslova kan hovedutval for miljø, areal og teknikk gi

dispensasjon frå forbudet mot frådelling til formål som ikkje er knytt til landbruk. 2. og 3. ledd seier kva for vurderingar som skal takast ved avgjerda:

§ 19-2. *Dispensasjonsvedtaket*

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse.

I dette tilfellet vil ikkje etablering av kraftverk gå vesentleg utover landbruksaktiviteten som er det omsynet arealdelen først og framst skal ivareta. Konsekvensane for naturmiljøet, landskap, friluftsliv og kulturminner er akseptable, jfr. NVE si vurdering i konsesjonsbehandlninga.

Jfr. 3. ledd skal det ved dispensasjon leggest særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, jordvern, sikkerheit og tilgjengelegheit. I denne saka er det allereie klart at areal for planlagt kraftstasjon ligg innafor aktsemdsområde for skred, og det er her kommunen sitt ansvar å ikkje opne for tiltak som kan sette liv og verdiar i fare. Når kva som er tilstrekkeleg tryggleik for tiltaket ikkje enno er utgreidd, kan dette bli ivareteke ved at kommunen stiller vilkår til dispensasjonen om at dette skal blir utgreidd og tatt omsyn til i detaljplanar for miljø og landskap. Dette vil også være i tråd med NVE sin uttale til saka.

Kommunen bør også sette vilkår til dispensasjonen om at støy frå kraftverket i driftsfasen skal utgreiast og takast omsyn til.

Vurderingar i forhold til naturmangfoldlova §§ 8 – 12

Kommunen skal i alle saker som gjeld inngrep i natur vurdere tiltaket i forhold til naturmangfoldlova (Nml) §§ 8 – 12.

I forhold til Nml §8 (kunnskapsgrunnlaget):

Tiltaket er vurdert i forhold til opplysningar som ligg i Naturbasen og Artsdatabankens Artskart. Det er ingen registreringar innanfor trase for nedgravd rørgate, tilkomst med ATV eller tomtene som skal delast frå til inntaksdam og kraftstasjon. I NVE sitt konsesjonsvedtak for Setergrytå kraftverk vart tiltaket pålagt minstevassføring og omløpsventil for å sikre tilhøva for anadrom fisk i Setergrytå og Surnavassdraget.

I forhold til Nml §9 (føre-var-prinsippet):

Der det er tvil om kunnskapsgrunnlaget bør tiltak avslåast. Kommunen har vurdert kunnskapsgrunnlaget i denne saka til å vere godt nok i forhold til å fatte vedtak om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplana og frådelling av tomter.

I forhold til Nml §10 (økosystemtilnærming og samla belastning):

Nml §10 seier at påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla påverknaden. Summen av planlagte inngrep, inkl. avbøtande tiltak, vil i dette tilfellet ikkje påverke økosystemet i for stor grad.

I forhold til Nml §11 (kostnaden ved miljøforringelse skal tiltakshavar ta):

Nml § 11 legg kostnadane for å avgrense negativ påverknad av tiltaket, til den som er ansvarleg for tiltaket. Utbygger vil være ansvarleg for å etterkome krav om avbøtande tiltak, t.d. etterkome krav om minstevassføring og omløpsventil. Utbygger må også etterkome krav til opprydding i og etter anleggsperioden. Dette blir ivaretatt av NVE ved godkjenning av landskaps- og miljøplaner for byggefasen.

I forhold til Nml §12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar):

Kommunen vurderer planlagte teknikkar og driftsmetodar som forsvarlege.

Konklusjon:

Etter kommunedirektøren si samla vurdering er fordelane med tiltaket større enn ulempene, og måla i arealdelen i kommuneplana blir ikkje vesentleg sett til side. Ein tilrår derfor at det blir gitt dispensasjon med vilkår frå kommuneplana sin arealdel for bygging av Setergrytå kraftverk og frådeling av tomter for inntaksdam og kraftstasjon.

BEHANDLING ETTER JORDLOVA §12

Opplysningar om parsellen og eigedommen (alle tall i dekar):

Parsell: 1 og 2	Areal	Totalt eigedommen,	Areal
Formål: Inntaksdam og	(i dekar)	gnr 10 bnr 1	(i dekar)
kraftstasjon.		(areal frå gardskart)	
Fulldyrka jord:	0	Fulldyrka jord:	204,7
Overflatedyrka/beite:	0	Overflatedyrka/beite:	74,6
Produktiv skog:	1,0	Produktiv skog :	1446,4
Anna areal:	1,0	Anna areal:	4296,1
Areal i alt:	2,0	Areal i alt:	6021,8

Bygningar som står på omsøkte tomt:

Det er ingen bygningar på omsøkte parsellar.

Reglane i jordlova:

Ei deling av landbrukseigedommen krev godkjenning etter jordlova § 12. Der står det:

«Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.... Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova ...»

Målet med delingsforbodet er å sikre og samle ressursane på bruket for noverande og framtidige eigarar. Ressursgrunnlaget skal ikkje bli redusert på ein uheldig måte. Vurderingane omkring deling skal gjerast i samsvar med samfunnsutviklinga i området der eigedommen ligg, og delingsforbodet er ikkje meint å skulle hindre alle frådelingar.

Etter gjeldande delegasjonsreglement skal Hovudutval for miljø, areal og teknikk (MAT) avgjere søknaden om deling etter jordlova §12.

Plansituasjon i område er omtala tidligare i saksframlegget, og blir derfor ikkje omtala noko meir her.

Vurdering

Gnr/bnr 10/1 er eit stort bruk med aktiv drift. Dyrkajord blir drevet i egne regi til produksjon av grovfor. Det er også aktiv drift i skogen, både i egen regi og i samarbeid med Allskog.

Omsøkte parsellar er på om lag 2,0 dekar tilsaman. Ei frådeling vil gi ein liten reduksjon i areal av «annet markslag» (ved inntaksdam) og av «produktiv skog» (ved kraftstasjon).

Dette taler for å godkjenne frådeling etter jordlova §12:

- Delinga vil ikkje medføre særlege drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket, og jordbruksarealet blir halde i drift. Omsøkte parsellar ligg langt unna gardstunet og vil derfor ikkje påverke drifta av bruket.
- Ressursgrunnlaget blir ikkje vesentleg redusert ved frådelinga, og ein kan ikkje sjå at frådelinga vil ha negativ innverknad på drift og forvaltning av eigedommen framover.
- Delinga er også forsvarlig utifrå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje.

Med bakgrunn i vilkåra i jordlova §12, samfunnsinteresser og ei total vurdering er det forsvarleg å godkjenne denne frådelinga.

BEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA §20-1, M

Delingssaker treng også godkjenning etter pbl. §20-1, m. Denne godkjenninga blir vanlegvis gjeve gjennom delegert vedtak. Kommunedirektøren er kome fram til at det er praktisk å ta det inn i same behandling.

Vurderingar for behandling etter plan- og bygningslova §20-1m:

Omsøkt parsell ligg i Landbruk- Natur og Friluftslivsområde og det trengst dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for denne saka. Dette er behandla først i saksframlegget og er tilrådd positivt. Det blir derfor tilrådd at det også blir gjeve løyve etter pbl §20-1, m.

Vedlegg

Uttale frå NVE - Setergrytå Kraft AS - Søknad om dispensasjon frå arealdelen i komm 247079_1_1

Uttale frå Fylkesmannen Etablering av Setergrytå kraftverk 10_1 - Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kom 244733_1_1

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune - Etablering av Setergrytå kraftverk gbnr 1 245786_1_1

2020-02-03 Setergrytå - sjekklister ROS.pdf